

MØTEBOK

FELLESRÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
12.02.2025

Tilstades på møtet:

Medlemmer: Helge Dyrkolbotn, Gerd Marie Solheim, Terje Håland, Hanne Daae, Anny Bertelsen, Bjørn-Helge Olsen, Linda Brandtun, Randi Keilegavlen Dyrøy,

Varamedlemer: Inger Synnevåg, Linda Skålevik Syslak.

Andre:

Kommunal representant : Hege Ramsland.

Kyrkjeverja: Leif Arne Økland

Meldt forfall: Torill Hordvik, Anne Dahle Austrheim

Møtte ikkje: .

Saker til førehaving:

F – 08/25 – F – 13/25

Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F – 08/25 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Vedtak:

Godkjent utan merknader

F – 09/25 FRAMLEGG TIL UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK

Vedtak:

Inger Synnevåg og Randi K Dyrøy

F – 10/25 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 22.01.2025

Vedtak:

Møteboka godkjent utan merknader

F – 11/25 ORIENTERINGAR;
• Prosessen rundt tilsetjingane

F – 12/25 TILSETJING SEKRETÆR 30%

Bakgrunn:

Evy Beate Uthaug er i dag tilsett i 70% stilling, med Fedje sokn som arbeidsgjevar. Sidan 2019 har ein hatt ein bytteavtale mellom Austrheim og Fedje sokn, der Evy er leigd ut til Austrheim sokn i 20% stilling. På tilsvarande måte er kyrkjevevja leigd ut til Fedje sokn i 20% stilling. På slutten av kvart år sender vi refusjonskrav til dei respektive sokna på desse stillingsprosentane.

I sist soknerådsmøte vart det orientert om at vi har gitt Evy Beate Uthaug munnleg tilbod om å bli tilsett i 30% stilling i Austrheim sokn med Austrheim Sokn som arbeidsgjevar. Tilsetjing vert då frå 1.april 2025. Dette er noko som ho også har takka ja til.

Grunngjevinga for dette er at ein her har brukt prinsippet om å gje personar som allereie er tilsette i deltidsstilling høve til å auka opp stillingsprosentane sine. Denne fortrinnsretten har vi nytta oss av i dette tilfellet.

Fordi kyrkjevevja går av med pensjon og vår kyrkjemusikar og kyrkjelydspedagog overtek som kyrkjevevje, vert personalkabalen lagt på nytt. Det vert også endringar i refusjonsordningane mellom sokna. Dette vil også bli tilfelle med kyrkjemusikarstillinga, som har blitt lyst ut i tilsaman 60%, der 40% er for Austrheim sokn og 20 % for Fedje sokn. Austrheim Sokn vil vera arbeidsgjevar for denne stillinga.

Fedje sokn har refundert 5% av Jostein Hauge si løn for å administrera det felles konfirmantopplegget, bidra med teknisk kompetanse på kyrkjekontoret sitt it utstyr og lydanlegget i kyrkja, vera superbrukar på gravplassprogrammet som er felles for begge sokna og at han spelar på sjukeheimsandaktane.

	% som går ut	Ref frå Fedje til Austrheim	Ref frå Austrheim til Fedje	Samla stillings % AU + FE
Leif Arne Økland		20% til 1.april 2025		
Jostein Hauge	5% - ref frå FE til AU, går ut 1.april 2025	5 % til 1.april 2025 20% frå og med 1.april 2025		80 % + 20%
Evy Beate Uthaug			20%	50% (frå og med 1.april 2025) + 50%
Amelie Knieriem Storebø				30 % + 0 %
Ny kyrkjemusikar		20% frå 1.april 2025		40% + 20% Frå og med 1.april 2025

Til rest vil no soknet ha tilgjengeleg 25% stilling, som vert «til overs» etter at korta er stokka om så langt. Dette har vore til diskusjon i AU og det partssamansette utvalet der ein ønskjer at trusopplæringa vert styrka. Ein tenkjer likevel at soknerådet bør bruka litt tid på å drøfta innhald og tiltak i trusopplæringa. Om ein ventar til hausten med å auka opp trusopplærarstillinga, så vil ein både ha forankra tiltaka i rådet og samstundes ha spart nokre kroner på lønsbudsjettet.

Erfaringane sidan 2019 med vekslinga med Evy Beate Uthaug, der ho også har vore sekretær for Austrheim sokn i 20% , har vore udelt gode. Staben vurderer henne som kompetent og dyktig i det administrative arbeidet. For Austrheim sokn har ho desse åra hatt ansvar for alt som har hatt med festeavgiftene å gjera.

Det vil bli opp til den nye kyrkjevevja å definera arbeidsoppgåvene i det som vert den utvida stillinga.

Evy Beate Uthaug har som sekretær på Fedje ei svært sjølvstendig stilling som sekretær. Ho er på mange måtar ein mellomting mellom å vera sekretær og kyrkjevevje. Ho er også kyrkjevevja sin forlengte arm på soknerådsmøta og fungerer som sekretær for soknerådet/fellesrådet. På grunn av dette og fordi soknet er avhengig av å behalda ein sentral medarbeidar, er ho løna som sekretær, men likevel ein del høgare enn det som er tariffen. Det er ønskeleg at ho kan behalda den same løna som tilsett i Austrheim sokn, som det ho no har for Fedje sokn.

Saka er drøfta både i AU og det partssamansette utvalet og begge organa er samde om at Evy Beate Uthaug får tilbod om 30% stilling som kyrkjeseekretær

for Austrheim sokn. Refusjonsordninga som ein har hatt før, vert ført vidare. Ho vil då i praksis ha 50% stilling i Austrheim og 50% stilling i Fedje.

Framlegg til vedtak:

Evy Beate Uthaug vert tilsett som kyrkjeseekretær for Austrheim sokn i 30% stilling med verknad frå og med 1.april 2025. Kontorstad er kyrkjekontoret på Austrheim. Evy Beate Uthaug får tilbod om same løn som ho har i tilsvarende stilling for Fedje sokn. Det vert sett opp arbeidsavtale. Kyrkjevevja er næraste overordna. Det er 3 månaders oppseiingstid for stillinga.

Vedtak:

Evy Beate Uthaug vert tilsett som kyrkjeseekretær for Austrheim sokn i 30% stilling med verknad frå og med 1.april 2025. Kontorstad er kyrkjekontoret på Austrheim. Evy Beate Uthaug får tilbod om same løn som ho har i tilsvarende stilling for Fedje sokn. Det vert sett opp arbeidsavtale. Kyrkjevevja er næraste overordna. Det er 3 månaders oppseiingstid for stillinga.

Einstemmig vedtatt

F – 13/2025 TILSETJING AV KYRKJEMUSIKAR FOR AUSTRHEIM OG FEDJE
SOKN I 60% STILLING - IKKJE OFFENTLEG

Lyder Minde Janøy er tilsett i stillinga. Einstemmig vedtatt.

Saka er ikkje offentleg.

MØTEBOK

SOKNERÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
12.02.2025

Tilstades på møtet

Medlemer: : Helge Dyrkolbotn, Gerd Marie Solheim, Terje Håland, Hanne Daae, Anny Bertelsen, Bjørn-Helge Olsen, Linda Brandtun, Randi Keilegavlen Dyrøy,

Meldt forfall: Torill Hordvik, Anne Dahle Austrheim

Varamedlemer: Inger Synnevåg, Linda Skålevik Syslak

Møtte ikkje:

Andre:

Kyrkjeverja: Leif Arne Økland.

S – 03/2025 ORIENTERINGAR

- Basaren
Trekningslista må offentleggjerast.
Det kjem eit stykke om basaren i neste nummer av Kyrkjebakken
- Øvrige aktivitetar i jubileumsåret.
Syng deg glad kvelden var vellukka. Ca 60 stykke var med.
Minner om konsert i kyrkja 20.februar med Rune Alver m.fl
Bygdetreffet den 26.mars har den lokale kyrkjarahistoria som tema.
Samme dag vert det årsmøte.
30.mars vert det jubileumsgudsteneste, som vil ha eit «gudsteneste for alle» preg. Det vert ein litt påkosta kyrkjekaffi. Vert også ei markering av kyrkjeverja sin avgang.
2.april er den store konserten med Ine Hoem og med faren Edvard Hoem.
15.juni vert det kyrkjekonsert med Jon Martin Skauge. Dette er nytt på jubileumsprogrammet.